

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 21.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Orientering om Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltning av statlege selskap for 2015**

ARKIVSAK: 2016/3360
STYRESAK: 144/16

STYREMØTE: 07.12. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Riksrevisjonen overleverte den 8. november 2016 sin rapport om kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2015. Riksrevisjonen har på to punkt funne grunnlag for merknader til statsrådets forvaltning av staten sine interesser under Helse- og omsorgsdepartementet.

Fakta

Dokument 3:2 (2016-2017) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2015* blei overlevert Stortinget 8. november 2016. Formålet med kontrollen er å vurdere om forvaltninga av staten sine interesser er i samsvar med Stortinget sine vedtak og føresetnader.

Del I inneheld Riksrevisjonen sin omtale av kontrollen med statlege selskap. Riksrevisjonen sin kontroll for 2015 har omfatta 41 heileigde aksjeselskap, 36 deleigde aksjeselskap, 1 ansvarleg selskap med delt ansvar, 6 allmennaksjeselskap, 8 statsføretak, 4 regionale helseføretak, 7 selskap som er organisert ved særlov der eitt særlovselskap per 2015 omfatta 20 studentsamskipnadar.

5 saksforhold er undersøkt spesielt. Desse forholda som er særskilt omtala i del II, omhandlar følgjande;

- Helseføretaka si handtering av uønska hendingar
- Sykehuspartner HF si styring på IKT-området
- Eigaroppfølging av samfunnsansvar i selskap med statleg eigardel
- Statnett si utbygging av sentralnettet
- Lønnsemd og synergieffektar i Posten Norge AS

I del III blir det gitt ein omtale av seks saker som tidlegare har blitt rapportert i Dokument 3:2 (2012-2013), Dokument 3:2 (2013-2014) og Dokument 3:2 (2014-2015). Tre av desse sakene gjeld helseføretaka:

- Dei regionale helseføretaka si registrering av ventetider.
- Helseføretaka si beredskap innan ikt, vann og straum.
- Styring og kontroll av tilgang til helseopplysingar i elektroniske pasientjournalar i fire helseføretak.

Desse tre sakene er no avslutta.

Kommentarar

For saksforholdet uønska hendingar blir det i rapporten peika på følgjande hovudfunn:

- Den lokale meldekulturen i einingar og stillingsgrupper avgjer om uønska hendingar blir meldt og følgd opp.
- Helseføretaka nyttar i liten grad informasjon frå avviksmeldingane for å identifisere risikoområde og forbettringsmoglegheiter:
 - Helseføretaka bruker i liten grad informasjon frå uønska hendingar på ein systematisk måte i det kontinuerlege forbettringsrabeidet.
 - Styra er for lite involvert i korleis helseføretaka arbeider med uønska hendingar.

Hovudfunn på området Sykehuspartner HF si styring på IKT-området er følgjande:

- Som einerettsleverandør har Sykehuspartner HF for lite openheit om og kontroll med om tenestene til helseføretaka er kostnadseffektive.
- Sykehuspartner HF manglar ein heilskapelig styring som understøtter kravet om kostnadseffektive tenester.
- Helse Sør-Aust RHF følgjer i liten grad opp om tenestene Sykehuspartner HF leverer er kostnadseffektive, og styringa og oppfølginga er lite tilpassa det rapporterte risiko- og utfordringsbiletet.

Konklusjon

Styret i Helse Vest RHF behandla i sak 46/16 rapport frå internrevisjonen om handtering av uønska hendingar og i sak 47/16 administrasjonen sine kommentarar og oppfølgingstiltak relatert til rapporten. Riksrevisjonen sine funn og tilrådingar knytt til uønska hendingar høyrer naturleg heime i det pågåande utviklingsarbeide i Helse Vest for å styrke meldekulturen, jf. dei tiltaka som er lista opp i sak 47/16.

Vedlegg:

Dokument 3:2 «Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper for 2015»